

Verdspresidenten besøkte Ulstein og Hareid: – Eg er utruleg stolt

Verdspresidenten i Rotary International besøkte måndag den nye leikeplassen ved gapahuken på Rotarystien på Hareid og Rotaryhagen i Ulsteinvik. Ho skrytte uhemma av begge prosjekta, og meiner Rotary-medlemmene lokalt har gjort ein kjempejobb.

Måndag morgon besøkte kanadiske Jennifer Jones, den første kvinnelege verdspresidenten i det globale nettverket Rotary International (RI), Hareid og Ulstein. Jones besøkte med det to av kommunane som er med i Rotary-distriktet som dekkjer Sunnmøre, Romsdal, Innlandet fylke og Eda-Eidskog kommune i Sverige.

I dette distriktet er det heile 1.600 medlemmer fordelt på 50 klubbar, og totalt i Norge er det rundt 9.000 medlemmer. På verdsbasis har Rotary International heile 1,4 millionar medlemmer i meir enn 170 land.

Etter å ha møtt Rotary-medlemmer i Ålesund søndag, gjekk turen neste morgon til Hareidlandet.

– Det er ekstra spesielt at ho valde å kome hit til oss. Vi er veldig takksame for at ho tok turen, seier Lidun Hareide, som er valt til distriktsleiar for perioden juli 2024 til juli 2025.

Aller først fekk Jones sjå den nye leikeplassen som har kome på plass ved den store gapahuken på Rotarystien på Hareid. Der fekk ho blant anna prøve dei ulike treningsapparata som Hareid Rotary Klubb har fått sett opp, i tillegg til å helse på dei lokale Rotary-representantane.



Fekk prøve apparata: Her er Jennifer Jones i aksjon på eitt av treningsapparata ein kan finne på leikeplassen på Rotarystien. FOTO: HAREID ROTARY KLUBB.

Opna Rotaryhagen

Etterpå gjekk turen vidare over Eidet til omsorgsbustadane Halsekerdalen 20 i Ulsteinvik, der Ulstein Rotary Klubb har etablert Rotaryhagen. Først fekk ho høyre talar frå president Arnfinn Godø, noverande distriktsleiar i Rotary, Gunhild Aalstad, Ulstein-ordførar Knut Erik Engh og fleire. Ho fekk også høyre mannskor-song og ete kake.

Saman med Lidun Hareide avduka ho så Rotaryhagen-plaketten. Med det hadde verdspräsidenten stått for den offisielle opninga av sanse- og stimuleringshagen.

– Eg er utruleg imponert over det dei lokale medlemmene har fått til. Både her i Ulsteinvik og på Hareid, sa Jennifer Jones til V ikebladet Vestposten etter opninga.

– At lokalbefolkninga på Hareid har fått ein så fantastisk fin sti å gå på, og at bebuarane her har fått ein så flott sansehage, er veldig kjekt å sjå. Dette er ein veldig fin del av verda, med gode folk – og hit vil eg gjerne tilbake, sa Jones avslutningsvis.



Tok i mot verdspräsidenten: Ordførar i Ulstein kommune, Knut Erik Engh, tok i mot verdspräsidenten. Jennifer Jones likte veldig godt alle plantene og trea som var planta i Rotaryhagen. **FOTO:** OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL.



Avduka plaketten: Med avdukinga av plaketten, stod Jennifer Jones for den offisielle opninga av Rotaryhagen ved omsorgsbustadane Holsekerdalen 20. Her med Lidun Hareide, som er valt til distriktsleiar for perioden juli 2024 til juli 2025. **FOTO:** OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL.



Blid gjeng: Jennifer Jones flankert av Lena Mjerskaug (f.v.), Knut Erik Engh, Arnfinn Godø, Lidun Hareide og Gunhild Aalstad. **FOTO:** OLE-OTTAR KARLSEN HØGSTAVOLL.



Likte gapahuken: Her poserer Hareid Rotary Klubb sin president Idar Flø med verdenspresidenten i Rotary International (RI), Jennifer Jones. Ho skytte av gapahuken, leikeklassen og den flotte stien den lokale Rotary-klubben har fått på plass. **FOTO:** HAREID ROTARY KLUBB.



Med verdspräsidenten: Ein heil delegasjon frå Hareid Rotary Klubb poserte her med verdspräsidenten i den store gapahuken på Rotarystien. **FOTO:** HAREID ROTARY KLUBB.